

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:

2014/621 - 4897/2014

Sakshandsamar:

Ingvill Skogseth 51 96 38 12

Dato:

15.09.2014

## Høyring - Forslag om å fjerne henvisning frå fastlege når kvinner begjærer abort

Vi viser til høyringsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet datert 27. juni 2014.

Fastlegar skal ikkje lengre tilvise til abort, men framleis gi informasjon og rettleiing, samt gjere nødvendige kliniske undersøkingar for dei kvinnene som kontaktar fastlege først.

Helse Vest RHF legg vekt på det som vedgår spesialisthelsetenesta.


Det er presisert at kvinner som søker abort allereie i dag kan ta direkte kontakt med sjukehuset.

Helse Vest RHF støtter forslaget om å fjerne tilvising frå fastlege, men det er viktig at alle kvinner som søker abort får like god tilgang på informasjon, rettleiing og oppfølging. Det vil sei at oppfølginga av kvinna blir like god om ho har kontakt med fastlege i heile prosessen, eller om ho kontaktar sjukehuset direkte.

Helseføretaka ber om at forslaget blir presisert når det gjeld telefonteneste og styrking av abortmottak i spesialisthelsetenesta.

Helse Vest ønskjer ei presisering av føreslått endring i §19 tredje ledd; «Kopi av journalopplysninger skal etter forslaget sendes den legen som har videreformidlet kvinnens begjæring om abort til spesialisthelsetjenesten». Om kvinna har tatt direkte kontakt med spesialisthelsetenesta, skal vel fastlege ha epikrise? Jf. Journalforskriftens §9: «Ved utskrivning fra helseinstitusjon skal epikrise (sammenfatning av journalopplysninger) sendes det helsepersonell som trenger opplysningene for å kunne gi pasienten forsvarlig oppfølging».

Med vennleg helsing

  
Hans K. Stenby  
plansjef

Ingvill Skogseth  
seniorrådgjevar